

Tabell for livsopphald per 01.01.2019

I Meland kommune gjeld følgjande retningsliner for stønad til livsopphald:

	Livsopphald		Naudhjelp	
	Månad	Veke	Veke:	Dag:
Einsleg	6 150	1 419	775	111
Ektepar	10 250	2 365	1 288	184
Sambuande - 1 person	5 150	1 188	644	92
Born 0 - 5 år	2 400	553	298	43
Born 6 - 10 år	3 100	715	395	56
Born 11- 17 år	4 000	923	499	71
Heimebuande ungdom	4 000	923	499	71

Sats per dag ved samvær med egne born som ein til dagleg ikkje bur saman med.

Born 0 - 5 år	Kr. 79
Born 6 - 10 år	Kr. 102
Born 11 - 17 år	Kr. 131
Reiseutgifter kjem i tillegg	

1. Stønad til livsopphald skal dekke følgjande utgifter:

Mat og drikke, klede og sko, hushaldningsutgifter og hygiene, avis og telefon, legekonsultasjon og medisin, fritidsaktivitetar og fritidsutstyr til born og reiseutgifter. (Bruk av offentleg kommunikasjon i samband med daglege gjeremål)

2. I tillegg vert det ytt stønad til: Husleige, straum, kommunale avgifter, bustad og innbuforsikring, TV- lisens, arbeidsreiser og etableringsutgifter.

Andre utgifter som barnehage, skulefritidsordning og tannlege vert vurdert godkjend etter individuelle behov i samsvar med intensjonen i Lov om sosiale tenester og gjeldande rundskriv.

3. Det er egne rettleiande satsar for krisehjelp.

4. Godkjend husleige er på same nivå som kommunale utleigebustadar.

5. Barnetrygd og kontantstønad vert rekna med i inntektsgrunnlaget, men ikkje hjelpe- og grunnstønad frå folketrygda.

6. Eingongsstønad frå Folketrygda vert rekna som inntekt. Ein ser vekk frå kr. 6 500,- av utbetalinga som skal nyttast til utstyr til borne.

7. Satsane vert endra i samsvar med Sosial - og helsedepartementet sine rettleiande retningsliner.